



Villanger & Sønner As
Kvassnesvegen 45
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9357 - 23/18779

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
08.03.2023

Vedkomande avslag på søknad om oppføring av vertikaldelt tomannsbustad - gbnr 172/197

Vi syner til Dykkar klage på avslag på søknad om etablering av tomannsbustad, motteke her den 20.05.2022. Vi beklagar lang ventetid på endeleg handsaming.

Saksutgreiing:

Administrasjonen avslo søknad om dispensasjon og rammeløyve i delegert vedtak datert 11.03.2022. Avslag vart påklaga i skriv datert 20.05.2022 der det også vart sendt inn revidert situasjonskart og støyrapport.

På bakgrunn av ny informasjon i saka vart klage, med tilleggsopplysning, sendt til Vestland fylkeskommune og det er gjeve uttale til saka i skriv datert 15.07.2022, sjå vedlegg.

Før vi kan ta klage til handsaming er det naudsynt med tilleggsdokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan føresegn 3.1.1 vedkomande minstekrav til tomtestorleik for tomannsbustad og eventuelt krav til uteopphaldsareal (MUA). Vi gjer merksam på at søknad om dispensasjon må vere nabovarsla.
2. Privatrettsleg avstandserklæring for plassering av støyskjerm
3. Uttale i frå Vestland fylkeskommune ligg som vedlegg til dette skrivet. Det er mogeleg å gi uttale til denne, vi ber da om at dette sendast saman med øvre dokumentasjon.

Vi gjer merksam på at saka no vert handsama som søknad om endring, på bakgrunn av tilleggskrav til dispensasjon.

Vi ber om at dokumentasjon vert sendt inn til kommunen så snart som mogeleg og innan **05.04.2023**.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Linda Eirin Skår

Seimsstranda 343

5912

Seim

Mottakarar:

Villanger & Sønner As

Kvassnesvegen 45

5914

Isdalstø